



## Sykkylven kommune

PLANID-  
Arkiv: 15282020002, FE-  
140  
JournalpostID: 24/3447  
Saksbehandlar: Njell Hoftun  
Dato: 12.03.2024

### Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS-12/24	Nærings- og utviklingsutvalet	19.03.2024

### 1. gangs handsaming av planforslag for kommunedelplan for sjøområda

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova paragraf 11-14 vedtek Nærings- og utviklingsutvalet å legge Sykkylven kommune sin del av Felles sjøarealplan for Storfjorden, ut til offentleg høyring. Høyringsfrist vert sett til 16.mai 2023.

#### Nærings- og utviklingsutvalet - 12/24

#### NU - behandling:

Utvalelet diskuterte saka.

Kommunalsjef samfunn Njell Hoftun orienterte og svara på spørsmål.

Det vart lagt fram slikt felles forslag til vedtak:

NU ber administrasjonen ta ut AKV302, AKV303 og AKV304 av planen før utsending av 1. gangs høyring. Dette pga. friluftsinteresser, tursti, naturlandskap, fritidsfiske og at anlegga ligg i innløpet til verdsarvområdet.

#### NUVedtak:

NU ber administrasjonen ta ut AKV302, AKV303 og AKV304 av planen før utsending av 1. gangs høyring. Dette pga. friluftsinteresser, tursti, naturlandskap, fritidsfiske og at anlegga ligg i innløpet til verdsarvområdet.

#### Bakgrunn for saka

#### Bakgrunn for saka

I 2020 handsama Sykkylven kommunen ein søknad om dispensasjon frå kommuneplanen for å etablere eit oppdrettsanlegg ved Bugane, aust for Ramstaddal (Kst-sak 27/20). Saka sette lys på behovet for ein meir samordna arealbruk i fjordsystemet over kommunegrensene, ei problemstilling som hadde vore diskutert i regionen ei tid. For Sykkylven kommunestyre resulterte dette i følgjande tillegg i vedtaket i saka: *Sykkylven kommune tilrår at det vert utarbeida ein felles plan for akvakultur*

*for Storfjorden. Gjennom ein felles plan kan ein finne den beste strukturen for denne type aktivitet i heile fjordsystemet.*

Den 12.august same år samla ordførarane i Fjord-, Stranda- og Sykkylven kommune seg om eit felleprosjekt, og at ein skulle søke finansiering gjennom Møre og Romsdal fylkommune sitt Marint miljøsikrings- og verdiskapingsfond. Fjord kommune tok prosjektleiarrolla, og utarbeida søknad. Fylkeskommunen løvvde inntil 1,2 millionar til planarbeidet.

Kommunestyret tok planoppgåva med i sitt vedtak av planstrategi for perioden 2021-2023 (Kst-sak 13/21).

Planarbeidet vart lyst ut på anbod. Oppgåva vart tildelt Rambøll AS. Nærings- og utviklingsutvalet (NU) handsama utkast til planprogram frå Rambøll AS i november 2021. Etter høyring og bearbeiding vart endeleg planprogram vedtatt i NU juni 2022 (Nu-sak 31/22)

Rambøll AS ved sin underleverandør Henning Larsen AS, har nå levert første utkast til plan.

## Saksopplysningar

Planen omfattar sjøareal i 3 kommunar, og vil utgjere ein del av kommuneplanens arealdelen i kvar kommune. Plandokumenta er utforma felles for kommunane og inneheld derfor opplysningar om alle kommunane. Kart og føresegner er laga separat for kvar kommune.

Kvar kommune handsamar sin del av planen som eiga sak.

Plandokumenta er

- Plankart
- Føresegner
- Planomtale med samla konsekvensutgreiing

Planomtalen har i tillegg følgjande 4 vedlegg:

- Innspelshefte - Alle merknadar og innspel oppsummert
- Temakart for kartlagte interesser
- Konsekvensutgreiing med tilhøyrande ROS
- Sårbarhetsanalyse for marint vannmiljø

Formålet med sjøarealplanen for Fjord, Stranda og Sykkylven er å utarbeide en heilskapleg plan for kommunane sine sjøareal, og eit kunnskapsbasert forvalningsverktøy for kommunane. Planen skal gi langsigktige rammer for berekraftig arealbruk, forvaltning og verdiskapning i kystområda.

Planomtalen med tilhørande dokument gir nærmare greie for innhald i planforslaet, konsekvensvurderingar, plamprosessen, medverknad, mm.

Største endringsforslag i planforslaget er fire nye lokalitetar for akvakultur. I tillegg blir lokaliteten på Bugane, som no er på ein tidsavgrensa dispensasjon, foreslått som permanent lokalitet. Lokaliteten på Røneset blir vidareført.

- AKV301 - Gjeveneset ytst i Hjørundfjorden. NY Innspel frå MOWI som ønsker å söke konsesjon for laks på lokaliteten.
- AKV302 - Storsveneset, aust for Skagen. NY Innspel frå Purecod.

- AKV303 - Marbeitura, aust for Storsveneset. NY innspel frå Statt torsk.
- Akv 304 - Raudbergane, Furstranda. NY Innspel frå Statt torsk.
  
- AKV306 - Bugane ved grensa mot Fjord kommunen er ein eksisterande lokalitet med lakseoppdrett (Hofseth). Lokaliteten er godkjent på midlertidig dispensasjon for arealbruken, jfr kommunestyret sitt vedtak i sak 27/20. Planmessig vert den derfor handsama som ny lokalitet
  
- AKV305 - Røneset er ein eksisterande lokalitet. Pr dato er det konsesjon for torsk på denne lokaliteten. Det er ikkje starta drift.

I tillegg kom det innspel om enda fem lokalitetar frå torskenæringa. Fire av desse låg langs Furstranda, til dels tett på fritidsbusetnaden og nær andre føreslegne lokalitetar. Det vart også foreslått ein lokalitet inn mot kommunegrensa mot Stranda. Ut frå totalt innspel om sju nye lokalitetar på strekninga frå Aursneset til Rønes, er det føreslått at fire av desse ikkje er med i vidare planprosess.

Før ein lokalitet kan takast i bruk må arealføremålet vere på plass i kommunen sine arealplanar. Deretter må drivar søke konsesjon etter akvakulturlova. Fylkeskommunen er konsesjonsmynde. Kommunane har uttalerett, men ikkje avgjerdsmynde i konsesjonssaker. Kommunen sitt styringsverktøy er gjennom arealplan.

## Vurdering

Hovudsaka for kommunen er at ein med forslaget som no ligg føre, meiner å ha fått eit oppdatert plangrunnlag for styring av arealbruk i sjø. Forslaget sikrar viktige samfunnsomsyn og legg føringar for detaljplanlegging i sjø. Eksisterande reguleringsplanar på land som også omfattar strandsone eller mindre areal i sjø vil framleis vere gjeldande, men ved motstrid vil sjøarealplanen gjelde føre.

Ut frå at dette er eit plansamarbeid mellom fleire kommunar, skulle ideelt sett alle kommunane handsama planen samtidig, med ein felles høyringsperiode. Planprosessen har trekt ut i tid. Fleire ting ligg til grunn for det. Mellom anna vart problemstillinga med nasjonale reglar for utsleppsfree skipstrafikk i verdsarvområdet, og manglande avklaringar frå staten, eit stort usikkerhetsmoment som sette prosessen på vent ei tid. Sykkylven kommune har eit sterkt behov for rask framdrift i saka og ønsker å legge planen ut til høyring snarast råd, med mål om å handsame høyringsuttaler i planlagt møte 29.mai. Ein legg opp til ope høyringsmøte i løpet av høyringsperioden.

Ein gjer merksam på at det, fram mot møtetidspunkt, kan bli gjort tilføyinger i planomtalen av kommunespesifikke faktaopplysningar frå Fjord og Stranda, opplysningar som Sykkylven ikkje har oversikt over, t.d. oversikt over gilede reguleringsplanar og liknande. I reguleringsføresegne kan det også bli gjort mindre justeringar.

Sykkylven kommune vurderer plangrunnlaget å vere godt nok til å legge ut til offentleg høyring. I samsvar med krava i plan- og bygningslova skal planforslaget leggast ut i minst 6 veker.

## Økonomiske konsekvensar

Økonomiske konsekvensar er i hovudsak knytt til samfunnsverknad av nye oppdrettsanlegg. For kommunen er det særleg inntekter frå Havbruksfondet knytt til godkjente konsesjonar for laksefisk som er av stor betydning. I 2023 mottok kommunen 5,6 millionar frå havbruksfondet.

Torbjørn Emblem  
kommunedirektør